



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

201003141 -56
201207371 -25
201105971 -42
200802607 -39
201003454 -54
201003460 -27
200905841 -29

Ørsta kommune. Fråsegn til søknader om løyve til å bygge sju småkraftverk; Skarbøen, Klubbenes, Skår, Indre Trandal, Helgaa, Holaa og Årsetelva kraftverk.

Konklusjon:

Hjørundfjorden må karakteriserast som eit fjordlandskap av nasjonal verdi. Det er derfor viktig å behalde så mange urørte vassdrag at ein ikkje svekker desse unike landskapsverdiane.

Etter ei samla vurdering fremjer Fylkesmannen motsegn i medhald av vassressurslova § 24 mot kraftverka i Helgaa, Holaa og Indre Trandal.

Fylkesmannen frårår utbygging av Skår kraftverk ut frå landskapsomsyn.

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging av Skarbøelva og Klubbeneselva. Vi rår likevel til at inntaka blir lagt ned under skoggrensa og at det ikkje blir bygt veg langs Skarbøelva.

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging Årsetelva kraftverk.

1. Generelt

Fylkesmannen viser til brev av 07.02.2013 der vi blir bedt om å kome med fråsegn til 14 småkraftsøknader i kommunane Volda og Ørsta. Vidare har vi i brev av 25.02.2013 fått ei pakke på 6 småkraftsøknader til høyring i Vanylven kommune. Alle med høyringsfrist i mai. For sakene i Ørsta fekk vi utsett frist til 04.06.13.

Ei samla vurdering av fleire kraftverkssøknader i eit område er i samsvar med *Nye rutinar for behandling av søknader om konsesjon for småkraftverk*, NVE 21. mars 2012.

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til å vurdere prosjekta samla. Vi vil likevel peike på at dette ofte er arbeidskrevjande saker og ut frå saksmengda vil vi derfor rå NVE om ikkje å sende ut fleire «pakker» på ein gong. Vi vil også rå til at sakene blir sendt ut i ei tid på året da det er mogleg å gjennomføre synfaring i dei enkelte vassdraga før vi kjem med våre fråsegner. Dette har ikkje vore mogleg for fleire av vassdraga pga. vinter/sein vår med snø og is.

Det er særleg naturleg å sjå samla på kraftverka i Hjørundfjorden (Ørsta kommune) og i Høydalen (Volda kommune). Elles er dei restarande søknadene noko meir spreidd lokalisert. For å gjere det meir oversiktleg har vi derfor valt å kome med ei fråsegn for kvar kommune.

2. Fylkesmannens vurdering av dokumentasjonen i prosjekta

Kvaliteten på naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen i søknadene er etter Fylkesmannens vurdering tilstrekkeleg til å tilfredstille krav til kunnskapsgrunnlag, jfr. naturmangfaldlova § 8. Der mange av utbyggingsprosjekta ligg i same område bør NVE sette krav til ei vurdering av samla belastning på naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova § 10. Eksisterande utbyggingar i nærområda bør også inkluderast i ei slik vurdering.

Samla belastning på fjordlandskapet

Det er positivt at det er gjennomført ei vurdering av *samla belastning* på fjordlandskapet i Hjørundfjorden, der fem kraftverk er med (Skarbø, Klubbenes, Skår, Indre Trandal og Helgåa). Rapporten er likevel mangelfull når Holåa ikkje er tatt med. Dette vassdraget er etter vår meining ein naturleg del av fjordlandskapet/landskapsrommet i Hjørundfjorden/Norangsfjorden/Norangsdalen, sjølv om det ikkje drenerer rett i fjorden. Utgangspunktet for vurderingane er «inntrykksstyrke» og eksponeringsgrad. Landskapsvurderingar vil aldri vere ein eksakt vitskap, det vil derfor vere rom for eit visst skjønn i bruken av «inntrykksstyrke». Rapporten tar med inngrepsfrie naturområde (INON) som ein del av kriteria for vurdering av sumverknadene. Fylkesmannen har ingen vesentlege merknader til hovudkonklusjonane i rapporten.

Hjørundfjorden er slik vi ser det eit av våre nasjonale fjordlandskap, kanskje på line med fjordlandskap som Geirangerfjorden og Nærøyfjorden. Karakteristisk for dette landskapet er m.a. ein svært djupt nedskoren fjord innramma av fjellmassiv av ekstrem karakter, med strie elver og lange fosseslør. Slike fjordlandskap er unikt i verdsamanheng og er også blitt ei merkevare for reiselivet i Norge. Det vil derfor vere svært viktig å ha att så mange urørte vassdrag i dette området at ein ikkje svekker dei unike landskapsverdiane. Det betyr at ein må vere klar på kva vassdrag som er særleg viktige for landskapsbildet og som bør bli liggande urørte.

Vassforskrifta

Når det gjeld forholdet mellom kraftutbygging og vassforskrifta viser vi til Vassregionmyndigheita (Møre og Romsdal fylkeskommune) si fråsegn av 08.05.13.

Vi vil også minne om at naturtypen elveløp er komen på raudlista i kategori NT (nær truga). (Elver er her definert som vassdrag med nedbørsfelt > 10 km²). Dette er knytt opp mot oppfylling av Vassdirektivets miljømål om at vassførekomsten skal ha god eller betre tilstand innan 2015/2017 (for hhv. første og andre planperiode).

Nettilknytting

Dersom alle småkraftplanane skal realiserast trengst det nettførsterkingar i regionalnettet. Kva konsekvensar dette vil ha, med t.d. nye kraftlinjer er ikkje nærare omtalt, men må vere med i NVEs samla vurdering av konsekvensane ved ny kraftutbygging i området.

3. Fylkesmannens vurdering av dei sju prosjekta

Kort om utbyggingsforslaga

Prosjektdata	Skarbø	Klubbe- nes	Skår	Indre Trandal	Helgåa	Holåa	Årset- elva
Installert effekt MW	2,1	1,9	2,5	5,5	3,6	0,99	0,9
Produksjon (GWh)	5,2	5,5	6,3	20,2	10,9	5,4	5,4
Inntak kote	415	600	240	580	893	390	450
Stasjon/avløp kote	2	15	3	3	10	25	110
Slukeevne maks l/s	60	412	128 0	1150	468	321	320
Slukeevne min l/s	30	12	50	28	23	16	20
Middelvassførin g l/s	218	165	510	680	234	490	1070
Ålmenn lågvasføring l/s	11	12	22	20	8	26	80
Minstevasføring So l/s	11	12	22	113	30	120	300
Minstevasføring Vi l/s	11	12	0	18	7	20	80
Vassveg (meter)	1320	1870	875	780	1150	1200	3200
Inntaksdam b/h	5/3	30/2	?/2	30/3	10/3	20/4	15/0,7
Veg inntak/påhogg (m)	1400	Eksist. Skogs- veg	470 (mb)	750	100	200	-
Veg kraftstasjon (m)	?	10	185	-	10	30	200
Overskotsmassar	-	-	-	?	deponi	-	-
Utbyggingspris kr/kWh	4,36	5,54	4,10	3,80	3,72	3,43	2,63
Reduksjon INON sone 1 km ²	0	0	0,56	0,5	0,3	0,17*	0
Reduksjon INON sone 2 km ²	1,86	2,83	0,88	1,6	2,0	1,1*	0
Vassdragsvern						Vplan I	Vplan I

*Ikkje oppgitt i søknaden, men anslått av Fylkesmannen

3.1. INON

Dei sju søknadene vil samla sett redusere INON (inngrepsfrie naturområde) med 1,53 km² i sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) og 10,28 km² i sone 2 (1-3 km). Dette er nærare diskutert i rapporten om samla belastning på fjordlandskapet. Her er ikkje Holåa tatt med og Årsetelva representerer ikkje noko bortfall av INON. Det går fram at det prosentvis blir ein vesentleg reduksjon, særleg av INON sone 1, fordi bortfallet frå før har vore så stort. Den største reduksjon i INON skjer også i dei områda som Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2000) er prioriterer som viktige å oppretthalde. Det er viktig at dette blir tatt med ved ei samla vurdering av søknadene

3.2 Skarbøen kraftverk (Skarbøelva)

Skarbøen kraftverk får eit inntak på kote 415. Vassvegen på 1320 m vil vekslevis bli nedgraven og tildekkka. Det blir bygt ny veg på 1400 m i svingar opp den bratte fjellsida.



Skarbøelva. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fyldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget.

Det er ikkje registrert naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet etter kriteria i DN-handbok 13. Når områda med hasselskog nedst i utbyggingsområdet ikkje er nærmare omtala og avgrensa som rik edellauvskog med utforminga rikt hasselkratt, reknar vi med at årsaka er at området er for lite til å fylle kartleggingskriteriet for denne naturtypen. Det har ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Fisk/vassdragsøkologi

Det er ikkje oppgang av anadrome fiskeartar i vassdraget. Vi kjenner heller ikkje til vassdragsøkologien ut over det som er omtalt i søknaden. Vasstilknytte organismar er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/Friluftsliv/INON

Tiltaket vil ikkje direkte røre ved viktige brukarinteresser. Langs utbyggingsstrekninga er området kun av lokal verdi for friluftsliv, men dei tilgrensande fjellområda er av regional/nasjonal verdi som friluftsområde.

Vasstrengen er lite eksponert. Reduksjon i vassføringa vil derfor ikkje ha vesentleg å seie for landskapsbildet. Inntaket er lagt nær Skarbøvatten i eit ope og sårbart høgfjellsterreng. Dette

er uheldig og vi vil derfor rå til at inntaket blir trekt ned i skoggrensa. Ein 1400 m lang veg i svingar opp den bratte fjellsida vil vere det største landskapsinngrepet. Det må vurderast om prosjektet kan gjennomførast utan vegbygging.

Prosjektet vil redusere inngrepsfrie naturområde (INON-sone 2) med 1, 86 km². Dette er ein del av INON-område prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2000) og såleis klart uheldig. Ved å trekke inntaket ned i skoggrensa vil reduksjon i INON bli vesentleg mindre.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei viss utbygging i Skarbøelva. Vi ber likevel om at ein vurderer å gjennomføre prosjektet utan vegbygging og å trekke inntaket ned under skoggrensa.

3.3. Klubbenes kraftverk

Klubbenes kraftverk får eit inntak på kote 600. Vassvegen på 1870 m vil for det meste gå i dagen. Det blir bygt anleggsveg til kote 40. Transport vil elles gå med taubane.



Klubbeneselva. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet.

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet og han inneheld relevant informasjon om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar.

Etter det som vi kjenner til, vart ikkje denne delen av kommunen undersøkt i samband med tidlegare kartlegging av naturtypar i Ørsta.

I rapporten er det konkludert med at området er utan sjeldne artar eller naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Det er nemnt litt om gråor langs elva og at det ikkje var aktuelt å avgrense flaummarksskogen som naturtype. Dette kunne ha vore noko

betre utdjupa. For eit forvaltningsorgan ville det elles i ei sak som dette ha vore ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget. Det har ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Fisk/vassdragsøkologi

Det er ikkje oppgang av anadrome fiskeartar i vassdraget. Vi kjenner heller ikkje til vassdragsøkologien ut over det som er omtalt i søknaden. Vasstilknytte organismar er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/friluftsliv/INON

Vi kjenner ikkje til særskilte friluftsverdiar langs vassdraget. Ferdsle i området er nok av meir lokal karakter, men dei tilgrensande fjellområda er av regional/nasjonal verdi som friluftsområde.

Landskapet er bratt og sett frå fjorden er trasèen i hovudsak skogkledt. Røyrsgata skal leggest i dagen, delvis nedgraven. Det er positivt at anleggsarbeidet blir gjort med taubane, slik at det ikkje er naudsynt med vegbygging.

Prosjektet vil redusere inngrepsfrie naturområde (INON-sone 2) med 2,83 km². Dette er ein del av INON-område prioritert i Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2000) og såleis klart uheldig. Ved å trekke inntaket ned i skoggrensa vil reduksjon i INON bli vesentleg mindre.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei viss utbygging i Klubbeneselva. Vi ber likevel om at ein at inntaket blir trekt ned under skoggrensa for å redusere verknadene for inngrepsfrie naturområde (INON).

3.4. Skår kraftverk

Skår kraftverk er planlagt med eit inntak på kote 240. Vassvegen er på 875 m i nedgraven grøft. Det blir bygt 470 m anleggsveg som skal tilbakeførast ved anleggslett. Til kraftverket blir det ein traktorveg opprusta i ei lengde på 185 m.



Skårelva. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet.

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget.

Det er opplyst at det kan vere ei brukbar fosserøyksone i vassdraget, men truleg manglar det røyk her i periodar med lita vassføring. Til denne informasjonen burde det ha vore ei vurdering av naturtypen fossesprøytsone etter kriteria i DN-handbok 13. Naturtypane som er omtala i kartleggingshandboka har kome med på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Aktuelle naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Det har ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Fisk/vassdragsøkologi

Det er ikkje oppgang av anadrome fiskeartar i vassdraget. Vi kjenner heller ikkje til vassdragsøkologien ut over det som er omtalt i søknaden. Vasstilknytte organismar er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Landskap/Friluftsliv/INON

Vassdraget ligg svært eksponert mot Hjørundfjorden. Søkjar har forkasta eit tidlegare alternativ med inntak ovanfor den markerte fossen. Dette gjer at den mest inntrykkssterke strekninga av vassdraget ikkje vil bli rørt. Ved ei utbygging som omsøkt er det oppgitt at restvassføringa nedanfor inntaket vil bli på 14 % av dagens vassføring. Den nedre del av utbyggingsstrekninga består av relativt grove lausmassar. Ei auka minstevassføring ut over det som er omsøkt vil neppe gje vesentleg effekt. I søknaden er det visualisert at ein må opp i mengder som tilsvarar middelvassføringa for at vassdraget blir synleg. Det betyr at ein i lange periodar ikkje vil ha synleg vassføring på utbyggingsstrekninga (jfr. vassføringskurvene i søknaden).

I rapporten om samla belastning på landskapet i Hjørundfjorden er konsekvensane for Skår vurdert til middels/stor negativ, like bak Helgåa og Indre Trandal. Fylkesmannen er samd i kommunens vurdering i at utbygginga i Skårelva er meir tilpassa omgjevnadene enn dei omsøkte tiltaka i Helgåa og Indre Trandal. Vi er likevel klart i tvil om dette prosjektet bør realiserast.

Når det gjeld brukarinteressene har vi ikkje vesentlege merknader. For å kome til Skår er ein avhengig av båt. Området er derfor ikkje særleg nytta til friluftsliv utanom meir lokal bruk. Det er likevel registrert aukande interesse for å gå Skårasalen - Litle Skåradalen.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfrie naturområde) sone 2 med ca. 0,88 km² og sone 1 med ca. 0,56 km². Dette vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Sjølv om arealet ikkje er vesentleg, er dette er likevel klart uheldig. Tiltaket vil også redusere ein del av inngrepsfri sone som går frå fjord til fjell. Sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) er lite representert i utbyggingsområdet.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over og rår i frå søknaden. Skårelva ligg svært eksponert til mot Hjørundfjorden og bortfall av vatn på utbyggingsstrekninga vil klart redusere landskapsverdiane i området. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

3.5. Indre Trandal kraftverk

Indre Trandal kraftverk vil utnytte fallet mellom kote 580 og kote 3. Frå inntaksområdet blir det bora ei 530 m lang sjakt ned til ein tunnel på 400 m. Frå tunnelopninga blir rørgata nedgraven i ei lengde på 380 m. Det er føresett 750 m ny veg opp til tunnelpåhogget.



Indre Trandalselva. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ei god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fylldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget.

I følgje rapporten vil korkje røyrkata, kraftstasjonen, kabel eller kanal kome i konflikt med naturtypar som kan reknast til å ha særskild verdi for det biologiske mangfaldet. Det er ikkje direkte opplyst om dette også gjeld massedeponi frå tunnelen.

Det har ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Vi har merka oss at det den sjeldne arten skogfredlaus er funnen i området. Når det gjeld sjeldne artar i eit utbyggingsområde, vil vi generelt rå til at konsulentane blir pliktige til å legge funna inn i Artsdatabanken sin database. Dette både for ei fagleg kvalitetssikring og for at informasjonen kan bli ålment tilgjengeleg slik at det også i framtida blir høve til å ta viktige omsyn.

Landskap/Friluftsliv/INON

Indre Trandalselva er svært godt synleg frå Hjørundfjorden og derfor eit vesentleg landskapselement i området. I rapporten om samla belastning på fjordlandskapet er landskapet i området gitt *stor verdi*. Utbygginga av dette vassdraget er, saman med Helgaa, vurdert til å gje dei mest negative konsekvensane for landskapet. Vi kan slutte oss til desse vurderingane.

Inntaket er lagt over skoggrensa i Litledalen, på kote 580. Dette er ein open og sårbar fjelldal, som i dag ligg urørt, omkransa av ei tinderekke med fjell på over 1500 m. Både

landskapsmessig og pga. områdets urørtheit vil ein 30 m brei dam i dette området vere klart negativt.

Friluftinteressene i området er i liten grad omtalt i søknaden. Det går ein grei sti opp langs elva til Litledalen. Nærleiken til elva og det flotte utsynet over Hjørundfjorden har stor opplevingsverdi. Frå Litledalen kan ein gå vidare på tindane rundt dalen.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfrie naturområde) sone 2 med ca. 1,6 km² og sone 1 med ca. 0,5 km². Dette vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Dette er klart uheldig. Utbygginga vil også redusere eit inngrepsfritt område som går frå fjord til fjell. Sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) er også lite representert i utbyggingsområdet.

Andre tiltak

Det vil bli overskotsmassar frå tunnelboringa. Korleis desse skal nyttast er førebels noko uklart. Det er også tankar om fleire tiltak knytt til utbygginga; som ny småbåthamn og hyttebygging. Dette er tiltak som må vurderast gjennom den kommunale arealplanlegginga.

Fisk/vassdragsøkologi

Det er ikkje oppgang av anadrom fisk i vassdraget. Vi har elles ingen særskilte merknader til dette tema ut over det som er opplyst i søknaden. Det vil likevel alltid vere vasstilknytte organismar i eit vassdrag. Desse er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. I medhald av vassressurslova § 24 fremjer vi motsegn til utbygging av Indre Trandal kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i dette viktige fjordlandskapet. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

3.6. Helgåa kraftverk

Helgåa kraftverk vil utnytte eit fall mellom kote 893 og kote 10. Etter ein kort kanal frå vatnet etablerast ei 750 m open sjakt og vidare ein 850 m lang tunnel. Dei siste 260 m blir rørgata nedgraven. Det blir bygt 100 m ny veg fram til tunnelpåhogget, samt 10 m veg til kraftstasjonen. Det skal etablerast eit permanent område for deponi av tunnelmassane like i nærleiken.



Helgåa. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og mellom anna NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet.

Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Firmaet er dyktige i sine faglege vurderingar knytt til funna av ulike artar.

Det er ikkje gjort spesielle artsfunn i området, men det er eit visst potensiale for førekomst av raudlista eller sjeldne mosar i dei utilgjengelege partia av elva. Etter rapporten er det ikkje registrert naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet, men med unnatak av eit overrislingsberg med verdi C. Etter kapittel 5.4.2 er floraen stort sett ordinær, men med innslag av nokre meir krevjande karplantar. I delar av området er gråor dominerande. I den samanheng saknar vi ei fagleg vurdering ut frå kriteria knytt naturtypen gråor-heggeskog.

Ei regulering av vassdraget vil kunne gi vesentlege negative verknader for fleire av moseartane på overrislingsberget, men det er så langt ikkje kome fram informasjon om sjeldne artar. Det har ikkje kome fram opplysningar om spesielle negative konsekvensar på grunn av røyrkata, vegen eller kraftstasjonen. Vi vil merke at det ikkje er gjort ei botanisk vurdering knytt til massedeponi frå tunnelen. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Landskap/friluftsliv/INON

Landskapsverdiane er godt skildra i søknaden (konsekvensutgreiinga). Norangsdalen og Norangsfjorden er registrert som eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap og er eit av 22 område i Møre og Romsdal som har denne statusen. Fjorden og dalføret har store kontrastar og er eit av dei mest særprega områda i Møre og Romsdal. Heilskapen med jordbruksområde, vakker natur og fleire særprega kulturminne gjer området opplevingsrikt. Fossen knytt til Helgåa er eit av dei viktige landskapselementa i dette området og synleg frå store delar av Norangsdalen, frå indre delar av Norangsfjorden og frå tilgrensa fjellområde,

mellom anna Slogen. Sidan inntakspunktet er lagt oppå fjellet vil heile lisida bli rørt av tiltaket. Tunnelmassar vil bli deponert ved tilkomstvegen til tunnelpåhogget. Konsekvensane av dette er ikkje nærare omtalt i søknaden, men eit deponi vil bli godt synleg i dette viktige landskapet.

I rapporten om samla belastning på landskapet kjem Helgåa ut med dei største negative konsekvensane for landskap. Med bakgrunn i at fossen er eit viktig landskapselement i eit område med status som også har nasjonalt verdifullt kultur- og fjordlandskap, vil vi klart rå i frå søknaden.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfrie naturområde) sone 2 med ca. 2,0 km² og sone 1 med ca. 0,3 km². Dette vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000. Dette er såleis klart uheldig.

Fisk/vassdragsøkologi

Det er ikkje oppgang av anadrom fisk i vassdraget. Vi har elles ingen særskilte merknader til dette tema ut over det som er opplyst i søknaden. Det vil likevel alltid vere vasstilknytte organismar i eit vassdrag. Desse er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. I medhald av vassressurslova § 24 fremjer vi motsegn til utbygging av Helgåa kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i dette viktige fjordlandskapet. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.

3.7. Holåa

Holåa er ei sideelv til Norangselva og heile vassdraget med sideelver er verna mot kraftutbygging. Holåa kraftverk vil utnytte fallet i Holåa frå kote 390 til eit kraftverk på kote 25. Vassvegen vil bli på 1200 m og røyret blir graven ned på heile strekninga. Det er planlagt 200 m ny veg fram riggområdet på kote 130. Til stasjonen trengst det 30 m ny veg.



Holåa. Foto frå søknaden

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og mellom anna NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld elles ein god del om vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. Firmaet er dyktige i sine faglege vurderingar knytt til funna av ulike artar samt naturtypar som er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet.

Vi har merka oss registreringa av 4 naturtypar. Mellom anna ei fossesprøytsone og ein bekkekløft med verdi B og eit myrområde med kalkkrevjande artar. Mosefloraen er artsrik, men stort sett med vanlege artar for regionen. Frå Konedalen og oppover er det nokre karplantar og mosar som treng ein litt rikare grunn. Graving av grøft for røyrgate vil føre til drenering av tilgrensande område med innslag av rik flora og med negative konsekvensar for biologisk mangfald.

Det er ønskeleg at kvar einskild naturtype i eit utbyggingsområde blir teikna inn på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget.

Det vert konkludert med at den største verdien i området er knytt til ei fossesprøytsone med tilhøyrande fosseeng. Etter Norsk raudliste for naturtypar frå 2011 høyrer fosseberg og fosseeng inn under kategorien NT. Kriteria 4.1 (Tilstand reduksjon og sterk arealreduksjon). Etter vår vurdering er vassdragskløfter og fossesprøytsoner ein av våre mest varierte naturtypar og som Noreg har eit internasjonalt ansvar å ta vare på. I dei bratte sidene i kløftene finne ein eit mangfald av element og artar som ikkje er vanlege i mindre fuktig naturmiljø. I Møre og Romsdal er det lite att av fossesprøytsoner med godt utvikla fosseenger med ein stort sett stabil fossesprøyt omkring nedre del av fossen. Ut frå desse omsyn vil vi fremje motsegn til ei eventuell godkjenning av prosjektet. Vi legg til grunn at fosseenga vil minke i omfang og at fleire av dei aktuelle artane får reduserte førekomstar som følgje av ei utbygging. Tiltaket risikerer å svekke viktige biologiske og økologiske samanhengar med ei alvorleg påverknad av fosseenga.

Landskap/Friluftsliv/INON

Landskapsverdiane er godt skildra i søknaden (konsekvensutgreiinga). Norangsdalen og Norangsfjorden er registrert som eit nasjonalt verdifullt kulturlandskap og er eit av 22 område i Møre og Romsdal som har denne statusen. Fjorden og dalføret har store kontrastar og er eit av dei mest særprega områda i Møre og Romsdal. Heilskapen med jordbruksområde, vakker natur og fleire særprega kulturminne gjer området opplevingsrikt. Fleire av fossane i Holåa er godt synleg frå Øye og vegen gjennom Norangsdalen. Redusert vassføring i fossen vil være negativt for landskapsinntrykket. I følgje søknaden er fossefallet i Holåa blant dei viktige landskapselementa i denne delen av dalføret, og er det mest synlege vassfallet. Med bakgrunn i at fossen er eit viktig landskapselement i eit område med status som nasjonalt verdifullt kulturlandskap bør søknaden ikkje godkjennast.

Vi registrerer også at søknaden vurderer friluftsinnteressene i området til å vere av *stor verdi* og samla blir tiltaket vurdert til ha *middels til stor negativt konsekvens* både for friluftsliv og reiseliv. Dette er særleg knytt opp mot fossefallet i Holåa.

Ei utbygging som omsøkt vil redusere INON (inngrepsfrie naturområde) sone 2 med ca. 1,1 km² og sone 1 med ca. 0,17 km². Dette vil gripe inn i eit særskilt prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde frå år 2000.

Varig verna vassdrag

Som sideelv til Norangselva er Holåa del av eit varig verna vassdrag. Kraftverket kan nytte om lag 65 % av middelvassføringa. Fylkesmannen meiner dette er høgt i eit verna vassdrag. Fossen og juvet i Konedalen er klart sentrale landskapselement som må sjåast i samanheng med vassdragsvernet.

Fisk/vassdragsøkologi

Norangselva har anadrom strekning forbi samløpet med Holåa og det er ingen vandringshinder vidare opp i denne elva. Botnssubstratet består av grove massar og Holåa er lite eigna som gyte- og oppvekstområde. Vi kjenner elles lite til vassdragsøkologien ut over det som er omtalt i søknaden. Vasstilknytte organismar er avhengig av ei viss naturleg driftsvassføring. Det er derfor naudsynt å oppretthalde minstevassføring i vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. I medhald av vassressurslova § 24 fremjer vi motsegn til utbygging av Holåa kraftverk slik søknaden no ligg føre. Dette særleg ut frå konsekvensane for biologisk mangfald og landskapsmessige verknader. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Dette må samla sett også vurderast opp mot at vassdraget er varig verna mot kraftutbygging.

3.8. Årsetelva kraftverk

Årsetelva er ei sideelv til Bondalselva og heile vassdraget med sideelver er verna mot kraftutbygging. Kraftverket vil utnytte fallet mellom kote 450 og kote 110. Vassvegen blir på 3200 m og skal gravast ned på heile strekninga. Røyrkata vil i hovudsak følgje eksisterande seterveg. Fram til kraftstasjonen blir det bygt ein 200 m lang tilkomstveg.



Årsetelva. Foto frå søknaden.

Biologisk mangfald

Det er positivt at DN-handbok 13 og NINA sitt temahefte om vegetasjonstypar i Norge er brukt som grunnlag og metode ved det terrestriske kartleggingsarbeidet. Rapporten gir ein god oversikt når det gjeld kunnskapsgrunnlaget for utbyggingsområdet. Han inneheld også ei fylldig skildring av vegetasjonen samt om karplantar, lav og mosar. For eit forvaltningsorgan kan det likevel i saker som dette vere ønskeleg med ei noko tydelegare konkretisering av verknadene for vegetasjonen langs vassdraget.

Rapporten viser til at det er eit stort innslag av gråor-heggeskog. Naturtypene som er omtala i DN-handbok 13 er med i boka på grunn av at dei er spesielt viktige for det biologiske mangfaldet. Til denne informasjonen burde det ha vore ei nærmare vurdering av naturtypen etter kriteria i DN-handbok 13. Aktuelle naturtypar i eit utbyggingsområde bør helst visast på eit kart slik at ein kan sjå storleiken og avgrensinga i samanheng med vassdraget. Det har elles ikkje kome fram naturfaglege opplysningar i rapporten som gir indikasjonar på at ei endring av den naturlege vassføringa i elva vil få vesentlege negative konsekvensar for det terrestriske naturmiljøet. Ut frå omsynet til det terrestriske naturmiljøet, vil vi likevel rå til ei størst mogleg minstevassføring i elva.

Det bør settast som eit krav at den registrerte naturbeitemarka ved Kvistadsetra ikkje må skadast ved utbygginga. Det same gjeld omsynet til raudlistearten solblom. Merk at i rapporten er det tilrådd ei nøyaktig stadfesting av funnet. Til funn av raudlisteartar i eit utbyggingsområde, vil vi generelt rå til at konsulentane blir pliktige til å legge funna inn i Artsdatabanken sin database. Dette både for ei fagleg kvalitetssikring og for at informasjonen kan bli ålment tilgjengeleg slik at det også i framtida blir høve til å ta viktige omsyn.

Landskap/friluftsliv/INON

Røyrkata vil i hovudsak følgje eksisterande stølsveg. Dette reduserer landskapsinngrepa i høve til tidlegare søknad. Inntaket kjem relativt nært til Kvistadsætra. Ei alternativ lokalisering noko lenger vekk frå det opne landskapet ved sætra bør vurderast. Øvre del av Kvistaddalen er eit mykje brukt turområde. Dalen er omgitt av ei rekkje imponerende tindar, særleg mot aust. Det går m.a. turløype til Skårasalen og over til Skår ved Hjørundfjorden. Hovudtilkomst er frå Kvistad i Bondalen.

Tiltaket vil ikkje medføre reduksjon i inngrepsfrie naturområde (INON)

Varig verna vassdrag

Som sideelv til Bondalselva er Årsetelva del av eit varig verna vassdrag. Kraftverket vil nytte om lag 30 % av middelvassføringa. Føresetnaden for utbygging i verna vassdrag er at utbygginga ikkje går ut over verneverdiane. I rapport om verneverdiar i Bondalselva er fjellområdet rundt øvste del av Kvistaddalen, ovanfor Kvistadsætra, utvalt lokalitet for friluftslivet. Inntaksområdet ved Kvistadsætra vil ikkje kome i direkte konflikt med dette. Rapporten viser også til Bondalselvas kvalitetar som lakseelv. Se under.

Fisk/vassdragsøkologi

Årsetelva er eit sidevassdraga til Bondalselva som er eit viktig laks- og sjøaurevassdrag med stor aktivitet omkring sportsfiske og turisme. I saksdokumenta er det utvist tvil i kva grad nedre del av Årsetelva har verdi knytt til produksjon og fiske på anadrome bestandar heimheøyrande i Bondalsvassdraget. Nedste del av Årsetelva må i utgangspunktet reknast som anadrom, men vi er kjent med at elva dei seinare åra har etablert ein terskel som

vanskeleggjer oppgang av anadrom fisk. Aktuelle planar for kraftregulering må i alle høve ta føre-vår omsyn og sikre at evt. utbygging ikkje reduserer /endrar for mykje dei ferskvassbiologiske kvalitetane i denne delen av vassdraget.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med behandling av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen viser til merknadene over. Vi vil ikkje rå ifrå søknaden, men ber om at det blir sett krav til at naturbeitemarka ved Kvistadsætra ikkje blir skada ved utbygginga. Ein bør også vurdere å flytte inntaket noko lenger vekk frå sætra.

4.0 Oppsummering

- Hjørundfjorden må karakteriserast som eit fjordlandskap av nasjonal verdi. Det er derfor viktig å behalde så mange urørte vassdrag at ein ikkje svekker desse unike landskapsverdiane.
- Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging av Skarbøelva, men vi rår til at prosjektet blir gjennomført utan vegbygging og at inntaket blir trekt ned under skoggrensa.
- Fylkesmannen vil ikkje gå imot ei utbygging av Klubbeneselva, men vi rår til at inntaket blir trekt ned under skoggrensa.
- Fylkesmannen rår ifrå utbygging av Skårelva. Elva ligg svært eksponert til mot Hjørundfjorden og bortfall av vatn på utbyggingsstrekninga vil klart redusere landskapsverdiane i området. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.
- I medhald av vassressurslova § 24 fremjer Fylkesmannen motsegn til utbygging av Helgaa kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i dette viktige fjordlandskapet. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.
- I medhald av vassressurslova § 24 fremjer Fylkesmannen motsegn til utbygging av Holåa kraftverk slik søknaden no ligg føre. Dette særleg ut frå konsekvensane for biologisk mangfald og landskapsmessige verknader. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde. Dette må samla sett også vurderast opp mot at vassdraget er varig verna mot kraftutbygging.
- I medhald av vassressurslova § 24 fremjer Fylkesmannen motsegn til utbygging av Indre Trandal kraftverk. Dette ut frå dei landskapsmessige konsekvensane i dette viktige fjordlandskapet. Tiltaket vil også gripe inn i eit prioritert inngrepsfritt naturområde; jfr. Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde.
- Fylkesmannen vil ikkje rå ifrå ei utbygging av Årsetelva kraftverk. Vi ber om at det blir sett krav til at naturbeitemarka ved Kvistadsætra ikkje blir skada ved utbygginga. Vidare bør ein vurdere å flytte inntaket noko lenger vekk frå sætra.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Lindis Nerbø
direktør miljøvernavdelinga

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlarar

Biologisk mangfald: Kjell Lyse, tlf. 71 25 84 26

Fisk/vassdragsøkologi: Leif Magnus Sættem, tlf. 71 25 88 57

Kopi:

Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Ørsta kommune	Dalevegen 6	6150	Ørsta